



ÅRSMELDING  
SETESDAL  
INTERKOMMUNALT  
POLITISK RÅD  
2023



Forsidebilde  
Foto: Olav Haugsgjerd

# STYRELEIAR HAR ORDET

## SETESDALSREGIONEN-OFFENSIVITET INN I EN NY TID

Setesdal Interkommunalt politisk råd, som omfatter de fem kommunene Åseral, Evje og Hornes, Bygland, Valle og Bykle er til tross for et lavt folketall en region som ønsker å være offensiv inn i en ny tid.

De fleste ordførerne etter valget i 2023 er nye, og sammen med nyvalgte og «gamle» kommunestyre-representanter i de fem kommunene, og i et tett samarbeid med kommunedirektørene, ønsker vi som region å ta en aktiv rolle i utviklingen framover.

Samarbeid er et nøkkelord, og det er gjennom samarbeid man oppnår resultater. Setesdal IPR har opprettet et nytt organ vi har kalt «arbeidsutvalget», som består av ordførere og kommunedirektører i de fem kommunene. Ordførernes og de fem kommunenes politiske ønsker og ambisjoner får i dette utvalget brynt seg med kommunedirektørenes faglige tyngde og erfaring, og kommunedirektørene blir også på denne måten aktive utviklingsaktører i det regionale samarbeidet. Arbeidsutvalget fungerer som en type politisk verksted og i samarbeidet med administrasjonen i Setesdal IPR forberedes saker og tema inn mot styret og representantskap.

Det nye styret i Setesdal IPR er utålmodige og ønsker å være tydelige på hva man ønsker å oppnå i samarbeidet, dette for å underbygge rådets videre eksistens og regionale betydning. Våren 2024 igangsettes arbeidet med revisjon av rådets strategi og handlingsplan.

Gul stripe til Hovden har vært et uttalt mål for Rådet og også vært et mål hele Agder-regionen har sluttet seg til. Dette viser med tydelighet at man lykkes når mange står sammen. Når RV9 nærmer seg målet, har kommunene i samarbeidet samlet seg om en ekstra satsning mot å heve standarden på FV42- den kanskje viktigste fylkesveien i Agder. Rådet jobber med å få på plass en ny og forpliktende avtale om bruk av konsesjonskraftmidler til Agder fylkeskommune, generert i regionen, på regionale tiltak.

Det regionale samarbeidet er en svært viktig arena for å drøfte felles problemstillinger, utveksle erfaringer og dele kunnskap, og ved å støtte de enkelte kommunenes viktige saker så står kommunene sterkere overfor regionale og statlige myndigheter. Sentrale tema framover vil være lokal arealforvaltning, forvaltning av villrein, inntektssystemet, hvordan vi kan kvalitetssikre driften av de interkommunale selskapene og ikke minst hvordan vi samarbeide om å sikre best mulig tjenester til våre innbyggere.

Med helsing



Hans Blattmann  
Leiar, Setesdal interkommunalt politisk råd

Bykle, 22. mai 2024



Foto: Erik Ruud

# INNHALDSLISTE

<b>STYRELEIAR HAR ORDET</b>	<b>3</b>
<b>STYREMELDING</b>	<b>6</b>
ARTEN OG INNHALDET VERKSEMDA	6
FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET	7
FRAMHALD AV DRIFTA	8
ARBEIDSMILJØ	8
LIKESTILLING OG MANGFALD	8
ØKONOMI OG RESULTAT	9
DRIFTSREKNESKAPEN	9
INVESTERINGSREKNESKAPEN	10
SAKSOMFANG	11
GODKJENNING – ÅRSMELDING	11
<b>ORGANISASJON</b>	<b>13</b>
REPRESENTANTSKAP	13
STYRE	14
OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT	15
KOMMUNEDIREKTØRANE I DEI	
SAMARBEIDANDE KOMMUNANE	15
ORDFØRARUTVAL	15
ADMINISTRASJON – KONTOR	15
KOMMUNEDIREKTØRUTVALET	15
<b>REGIONAL OG NASJONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING</b>	<b>19</b>
<b>MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL</b>	
<b>SOM REISELIVSDESTINASJON</b>	<b>20</b>
<b>VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM</b>	
<b>EIN KOMPETANSEREGION</b>	<b>22</b>
<b>UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER</b>	<b>24</b>
INFRASTRUKTUR	24
LADESTASJONSOPPFØLGING	24
KVINNESPRANGET I SETESDAL	24
BYGDEVEKST	24
STUDIETUR	25
REGIONALT POLITIRÅD	25
ARRANGEMENT	29
<b>NÆRING</b>	<b>30</b>
NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND	30
<b>SETESDALSKONFERANSEN</b>	<b>32</b>
SETESDALSPRISEN 2023	33
<b>EIGARSKAP</b>	<b>36</b>
<b>INFORMASJON OG OPENHEIT</b>	<b>37</b>
<b>ØKONOMI</b>	<b>38</b>
NOTER	46
REVISORMELDING	56

# STYREMELDING

## ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal interkommunalt politisk råd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. I samband med ny kommunelov vart det vedteke at verksemda skal vere eit interkommunalt politisk råd, organisert i medhald av kap. 18 i ny kommunelov.

Setesdal IPR er eit sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Setesdal IPR sin visjon er Setesdal er Agder sitt grønne hjarta, og har som føremål å utvikle Setesdalsregionen. Vårt hovudmål er levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde:

1. Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
2. Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion
3. Utvikle attraktive og livskraftige bygder

Ein skal også forvalte regionalt næringsfond gjennom eigne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

Strategien i eit nøtteskal:

FORMÅL OG ROLLER	RESSURSER OG MOGLEGHEITER	VISJON OG HOVUDMÅL	STRATEGIAR
<b>FORMÅL:</b> Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen	<b>REGIONENS FORTRINN:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Natur</li><li>• Kultur</li><li>• Rein energi</li></ul>	<b>VISJON:</b> Setesdal er Agder sitt grønne hjarte	<b>STRATEGI 1:</b> Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
<b>ROLLER:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Markedsføre regionen</li><li>• Vere ein pådrivar for regional utvikling</li><li>• Samordne og ivareta regionens interesser</li></ul>	<b>GLOBALE MEGATRENDER</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Digitalisering</li><li>• Det grønne skiftet</li></ul>	<b>HOVUDMÅL:</b> Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region	<b>STRATEGI 2:</b> Vidareutvikle Setesdalregionen som ein kompetanseregion
	<b>VERDIAR FOR SAMARBEIDET</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tillit</li><li>• Openheit</li><li>• Nytenkande</li></ul>		<b>STRATEGI 3:</b> Utvikle attraktive og livskraftige bygder

## FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

I ekstraordinært representantskapsmøte 19. juni 2019 handsama representantskapet sak om endring i samband med ny kommunelov. Det vart også vedteke at styret skal ha to faste styremedlemmar og to varamedlemmar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og både kjønn skal vere representert blant dei faste styremedlemmane.

I styremøte 18.12.19, sak PS 99/19, vart det vedteke å starte ein strategiutviklingsprosess,

og forslag til ny samarbeidsavtale vart laga i samband med strategiprosessen. Ny samarbeidsavtale vart handsama i dei einskilde kommunestyra etter handsaming i styre og representantskap i juni 2021. Setesdal IPR skal ha eigarskapet til hovudsatsinga, og vere drivkrafta bak.

Handlingsplan 2022 – 2025 blei vedteke i styre 15. desember 2021 og lagd fram for representantskapet same dag.

Foto: Stine Prøitz Jørgensen



### FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2023 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar med rammeløyving til regionalt næringsfond. Vidare er Agder Fylkeskommune med og finansierer kompetansesatsinga vår med kr 600.000,- også i 2023.

### ARBEIDSMILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore skader på personell eller utstyr i 2023. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Verksemda er Miljøfyrtårnsertifisert, og ved årsskiftet 2023/2024 er verksemda i prosess med resertifisering. Kvalitetssystemet Compilo er teke i bruk, og ein nyttar seg av dei same etiske retningslinjer som vertskommunen Valle har.

### LIKESTILLING OG MANGFALD

Aktivitet knytt til likestillings- og diskrimineringslova skal omtales i årsmeldinga som en del av rapporteringsplikta Setesdal interkommunalt råd er pålagt. Med så få tilsette er det ikkje et område det er naudsynt å ha eigne planar til føremålet, men det er likevel viktige område som ein tilstreber god praksis på, til dømes ved tilsettingar.

Representantskapet i Setesdal IPR er sett saman av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane, 10 kvinner og 15 menn.

Styret i Setesdal IPR er sett saman av 2 politikarar frå kvar kommune og består ved utgangen av 2023 av 5 menn og 5 kvinner.

Ordførarutvalet i Setesdal IPR er sett saman av ordførarane i kvar kommune og består ved utgangen av 2023 av 4 menn og 1 kvinne.

Det er 3 fast tilsette – 2 kvinner og 1 mann. Kommunedirektørutvalet fungerer som valkomité for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemdar. Der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.



## ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2023. Rekneskapan er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS. Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar, eller uvisse, når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2023.

Andre kommentarar:

## NØKKELTAL

Netto driftsresultat: kr. 400.213
Sum driftsinntekter: kr. 10.635.941
Sum driftsutgifter: kr. 11.123.158
Renteinntekter Valle sparebank: kr. 636.590
Årets avskrivningar: kr. 250.023
Budsjettet bruk av frie driftsfond: kr. 2.536.046
Budsjettet avsetning til frie driftsfond: kr. 2.714.019
Overført til investering: kr. 7.108
Stryking av avsetning til disposisjonsfond: kr. 62.324
Meir- eller mindreforbruk etter strykingar: kr. 0

## BUDSJETTAVVIK 2023

**Inntekter:** På inntektssida fekk Setesdal IPR blant anna på art 850 ei tilbakebetaling på kr. 139.400 frå Evje kommune som det ikkje var budsjettet for. Dette gjaldt momsrefusjon på El-sykkel system prosjekt 740.

Setesdal IPR fekk igjen kr. 513.530 i momskompensasjon på art 729. Det var berre budsjettet for om lag halvparten av dette på inntektssida.

Setesdal IPR mottok sjukelønnsrefusjon på kr. 668.980 mot budsjett på kr. 600.000. Dette gjeld art 710.

Art 650, her kom det inntekter på kr. 278.280. Dette var mot Setesdalskonferansen, og det var ikkje lagt inn i budsjettet.

Art 900, det blei utbetalt kr. 636.590 i renter frå Valle sparebank, mot budsjett på kr. 560.000.

På art 950 har det blitt flytta bundne midlar på kr. 325.586 til ledige midlar/fritt disposisjonsfond. Dette blei gjort for å rydde i gamle fond og gamle, avslutta prosjekt.

Foto: Erik Ruud



**Utgifter:** Det har vore utgiftsført kr. 3.729.778 mot budsjett på kr 4.690.755 knyttet til kjøp av varer og tjenester i 2023.

Dette har samanheng med mange forskjellige utgiftspostar, og har ført til eit mindreforbruk i 2023.

Samtidig har det blitt utbetalt tilskot på kr. 4.107.528 mot budsjett på kr. 2.489.698.

Visit Setesdal blei eige AS i 2023, og regnskapet ble ført som prosjekt i Setesdal IPR fram til AS'et formelt vart oppretta. Det blei det vedteke eit budsjett på kr. 1.500.000 i 2023 på art 270.

Utgiftene på dette prosjektet har blitt fordelt ut på forskjellige artar i 2023, før selskapet blei eige AS i 2023, og resterande budsjettpost vart overført til AS'et.

På art 550 har det blitt avsett kr. 600.000 til bunde fond. Det gjeld kompetansemidlar. Dette var ikkje teke høgde for i budsjettet for 2023.

Foto: Setesdal IPR



## SALDO PÅ FONDA PER 31.12.2023

### Bunde driftsfond:

55199975 - Kompetanse: kr. 600.000

### Ubunde investeringsfond:

Ubunde investeringsfond, felles: kr. 2.576.222

### Ubundne driftsfond:

Ubundne driftsfond, kr. 22.516.258,-

I tillegg til å omfatte fleire løyvingar som heilt eller delvis ikkje er utbetalt, er mellom anna:

- Ledige midlar kr 4.266.840,-
- Ledige midlar, tidlegare års løyvingar kr 423.856,-
- Rv9 kr. 7.605.719,- (5 «fond»)

- Etablering av tømmeasjonar kr. 2.000.000,-
- Robuste ekomnett kr. 500.000,-
- Miljøtunnel Brokke-Suleskar kr 200.000,-

## SAKSOMFANG

Setesdal interkommunalt politisk råd handsama i 2023 93 politiske saker, og det vart lagt fram 40 referatsaker og 4 førespurnadar. Det vart fatta 35 delegerte vedtak frå administrasjonen. Rådet hadde 6 styremøte, 3 representantskapsmøte og 10 møte i ordførarutvalet.

I tillegg til å gje ordinære høyringsuttalar, engasjerte Setesdal IPR seg i fleire saker med regional betyding.

## GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 25.06.24 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS 49/24




Hans Blattmann,  
styreleiar



Inger Lise Lund Stulien,  
nestleiar



Runar Flåt Granheim



Jan Stangvik




Åse Ingebjørg Flateland



Lars Tarald Myrum



Morten Haraldstad




Vigdis Beisland



Anne Merethe Hjemdahl



Grethe Nygaard



# ORGANISASJON

## REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvar av dei fem samarbeidskommunane er representantskap for Setesdal interkommunalt politiske råd. For perioden 2022/2023 vart Inger Lise Lund Stulien vald til leiar.

For kommunevalperioden 2019 – 2023 er medlemmene i representantskapet desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022, Tone Lise Avdal, Kay Jeiskelid, Anne Karin Blix Grimestad, Kari Nomeland-Strømsøe
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad, Liv Tanche-Larsen, Knut Hagen, Georg Sørmo, Margit Dale
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal, May Britt Stenjør, Anette Skarshaug Skeie, Olav Neset, Signe Berit Sollien Haugå
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Finn Bjørn Rørvik, Morten K. Haraldstad, Torhild Hornnes
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien, Jan Arild Bjørndal, Gro Boge Aasheim, Eirin Åsland Goksem, Jan Stangvik

Etter valet vart nytt representantskap konstituert i møte 08.11.23. Morten K. Haraldstad vert vald til leiar for dei fyrste to åra av kommunevalperioden 2023 – 2027, og Runar Granheim vert vald til nestleiar.

For kommunevalperioden 2023 – 2027 er medlemmene i representantskapet desse:

- **Evje og Hornnes kommune:** Morten Haraldstad (leiar), Svein Arne Haugen, Finn Bjørn Rørvik, Cecilie Kyllingstad, Grethe Nygaard
- **Bykle kommune:** Hans Blattmann, Tone Lise Avdal, Steinar Haugen, Anne Merethe Hjemdahl, Hedda Helene Schaanning
- **Valle kommune:** Lars Tarald Myrum, Margit Dale, Knut Hagen, Kjell Ove Tveiten, Frøydis Henriksen Junge
- **Bygland kommune:** Runar Flåt Granheim (nestleiar), Anne Eikerapen, Vigdis Beisland, Tor Kasin, Kjell Rune Heia
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien, Jan Stangvik, Oddmund Ljosland, Sigbjørn Heggdal, Bjarne Haugstad

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Kommunedirektørane møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkeskommunedirektør har møte- og talerett.

Foto: Trond Risdal



## STYRE

For perioden 2022/2023 vart Sigbjørn Åge Fossdal vald til styreleiar og Steinar Kyrvestad nestleiar.

For kommunevalperioden 2019 – 2023 er medlemmene i styret desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022 og Tone Lise Avdal
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad og Margit Dale
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal og Anne Eikerapen
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen og Britt Ingrid Andersen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien og Jan Arild Bjørndal

Etter valet vart nytt styre vald av representantskapet i møte 08.11.23. For dei fyrste to åra av kommunevalperioden 2023 – 2027 vart Hans Blattmann vald til leiar, og Inger Lise Lund Stulien til nestleiar.

For kommunevalperioden 2023 – 2027 er medlemmene i styret desse:

- **Bykle kommune:** Hans Blattmann og Anne Merethe Hjemdahl
- **Valle kommune:** Lars Tarald Myrum og Åse Ingebjørg Flateland
- **Bygland kommune:** Runar Flåt Granheim og Vigdis Beisland
- **Evje og Hornnes kommune:** Morten Haraldstad og Grethe Nygaard
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien og Jan Stangvik

## OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT

### Agder fylkeskommune:

- Fylkesordfører Arne Thomassen og opposisjonsleiar Gro Bråten
- For fylkesrådmannen har Kristin Tofte Andresen, fylkesdirektør næring, kultur og kulturminnevern møtt

Kommunedirektørane i dei samarbeidande kommunane:

- **Valle kommune:** Vidar Homme
- **Evje og Hornnes kommune:** Frantz Are Nilsen
- **Bygland kommune:** John Salve Sigrindnes
- **Bykle kommune:** Karina Sloth Grindland
- **Åseral kommune:** Kåre Einar Larsen

## ORDFØRARUTVAL

Utvalet er oppretta for å styrke styret, det regionale samarbeidet og fremme regionens interesser, og har inga vedtaksmynde. Ordførarutvalet består av ordføraren i dei deltakande kommunane og vel sjølv leiar for to år om gongen. Leiarfunksjonen følger styreleiarfunksjonen. Ordførarutvalet har møte ein gong i månaden. Dagleg leiar koordinerer og skriv referat.

For kommunevalperioden 2019 – 2023 er medlemmene i ordførarutvalet desse:

- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal, leiar
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien
- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022

For kommunevalperioden 2023 – 2027 er medlemmene i ordførarutvalet desse:

- **Bygland kommune:** Runar Granheim
- **Valle kommune:** Lars Tarald Myrum
- **Evje og Hornnes kommune:** Morten Haraldstad
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien
- **Bykle kommune:** Hans Blattmann (leiar)

Ordførarutvalet har bedriftsbesøk som ein fast post på programmet når dei møtast. I 2023 vitja utvalet desse verksemdene:

- Thorsland Elektro AS – **Åseral kommune**
- Rysstad Laftebygg AS – **Valle kommune**
- Åseral hytteservice og Håvestål NaturCamp – **Åseral kommune**
- Hovden Teknisk Teiknar/AGDE Arkitektur avdeling Hovden – **Bykle kommune**
- Straume kraftverk og Straume gard – **Valle kommune**
- Hotellnettverket i Setesdal og Dølen hotel – **Evje og Hornnes kommune**
- Containertech – **Bygland kommune**

## ADMINISTRASJON – KONTOR

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Rita Hansen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Roy Bakke er fast tilsett i 50 % stilling og Kathrine Hovet Pentreath i 100 % stilling.

Setesdal interkommunalt politisk råd kjøper tenester frå Valle kommune, og vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, og kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Setesdal interkommunalt politiske råd har temporære tenestekjøp i samband arbeidet i Visit Setesdal, med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling og prosjekt mv.

Agder Kommunerevisjon IKS er revisor for Setesdal interkommunalt politisk råd.

## KOMMUNEDIREKTØRUTVALET

Når det gjeld saker som fell inn under Setesdal IPR sin strategi, har kommunedirektørutvalet i 2023 saman med dagleg leiar og ekstern konsulent utarbeidd eit felles regionalt konsept for ny søknad om bygdevekstmidlar.

Foto: Setesdal IPR





Foto: Setesdal IPR



# REGIONAL OG NASJONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING

Ein har etablert gode arenaer for samarbeid og dialog både politisk og administrativt.

Agder fylkeskommune ved fylkesordfører, opposisjonsleiar og fylkeskommunedirektør møter fast på styremøte og held styret orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen medverkar med midlar til regionalt næringsfond, avsetningar til Rv 9-utbygginga samt med midlar til ein stillingsressurs for å arbeide med kompetanse, som er ein av Setesdal IPR sine tre hovudsatsingsområde.

Dialogmøter med politiske utval i fylkeskommunen er gode arenaer for å bli betre kjent og for å sette søkelys på viktige tema for regionen vår. Setesdal IPR deltok også i 2023 på årleg dialogmøte mellom fylkesutvalet og dei fire interkommunale politiske råda på Agder. Ordførarutvalet hadde eige møte med politisk leiing i Agder fylkeskommune i august, og i september deltok politisk og administrativ leiing også i dialogmøte med hovudutval for utdanning og kompetanse.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Setesdal IPR er representert i fleire arena og møtepunkt i høve oppfølging av planen. Setesdal IPR deltek også i Regionalpolitisk industrigruppe, som omhandlar aktuelle tema som omfattar grøn industripolitikk.

Regionalt samarbeid mellom dei fire interkommunale politiske råda er viktig og nyttig, og Østre Agder IPR, Lister IPR, Region Kristiansand og Setesdal IPR har etablert gode, faste møtepunkt.

Samarbeidet med Universitetet i Agder er viktig, og ein har over tid utvikla eit godt fundament og gode strukturer for samarbeid – spesielt når det gjeld tilbod om distriktsvenlege utdanningar. I november var leiinga ved UiA på to dagars besøk i regionen. Det var lagt opp til eit tettpakka og innhaldsrikt program, og vart ein nyttig og inspirerande høve til å bli betre kjent med kvarandre og med regionen.

Samhandling utover Agder er óg viktig, og i mail vitja ordførarutvalet Stortinget, og hadde mellom anne møte med komitémedlemmer innan justis, utanriks- og forsvarskomiteen, samferdselskomiteen og politisk sekretær i kommunal- og distriktsdepartementet.

I oktober 2022 takka styret ja til invitasjonen frå Agder fylkeskommune om å vera med i Prosjekt Regionalt samarbeid om lokalisering av statlege arbeidsplassar. Prosjektet hadde oppstartsmøte hausten 2023, og alle dei fire interkommunale politiske råda på Agder deltek, saman med Agder fylkeskommune. Styreleiar deltek i styringsgruppa og dagleg leiar deltek i prosjektgruppa. Først i byrjinga av 2024 reknar ein med å ha styringsdokument på plass.

Den unike kulturarven i Setesdal er heilt avhengig av dokumentasjon, formidling og rekruttering av nye utøvarar for å leve vidare i framtida. Ansvar for å sikre dette ligg både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Under Arendalsuka inviterte Setesdal IPR til arrangement med tema *Korleis kan ein samarbeide for at denne viktige delen av norsk kulturarv skal få ei levedyktig framtid?*

Tidlegare kulturminister Trine Skei Grande var møteleiar for ein spennande og viktig debatt med kulturpolitikarar og fagfolk.



# MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL SOM REISELIVSDESTINASJON

Hovudarbeidet er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som reiselivsdestinasjon og merkevare.

Proessen med å lande ein eigna, permanent organisasjonsform hald fram gjennom 2022, og i juni 2023 vert Visit Setesdal etablert som eiga AS, eigd av Setesdal IPR, med eigne vedtekter, styre osv.

Visit Setesdal har to oppdragsgivarar. Den eine er Setesdal IPR, som har Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon som ein av tre hovudsatsingsområde. Her er oppgåva å byggja merkevara Setesdal og koordinera reiselivsarbeidet i regionen. Det blir no lagt betydeleg vekt på samarbeid, felles aktivitetar og ikkje minst på at utviklinga i reiselivet skal skje på ein berekraftig måte.

Den andre oppdragsgivaren til Visit Setesdal er reiselivsbedriftene sjølve. Gjennom forpliktande partneravtalar skal bedriftene sameinast i arbeidet med å auka gjestevolumet, betre lønnsmda og samtidig unngå negativ påverknad på natur og miljø. Det er 35 partnerbedrifter i Visit Setesdal.

Holland Norway Lines (HNL) starta opp ferjerute mellom Groningen og Kristiansand i april 2022. Visit Setesdal etablerte eit godt samarbeid med HNL, og marknadsførde regionen gjennom sosiale media. Allereie første sommar var det markant auka i mengd besøkande frå Nederland, Belgia og Sveits. Ferjeruta representerte eit stort potensial for regionen vår og for meir heilårsturisme, men ferjeselskapet avvikla tilbodet hausten 2023.

Marknadsføring av regionen blir stort sett gjord gjennom nettsida setesdal.com, sosiale medium som f.eks facebook, google adds og youtube. Trykksakene Setesdalsguiden og Vandreguiden, som er oversett til fleire språk, er det stadig stor etterspurnad etter. Ein har etablert eit stadig betre samarbeid mellom Visit Setesdal AS og Visit Sørlandet AS.

Setesdal er merka som Berekraftig reisemål, ei ordning som blir forvalta av Innovasjon Norge. Det vart i 2022 sett ned ei berekraftsgruppe bestående av representantar frå kvar kommune. Prosjekt med re-merking av Setesdal som eit berekraftig reisemål starta opp med frist på å bli re-merka innan februar 2023. Det er ein krevjande prosess å bli re-merka, og spesielt denne gangen da det var lagt opp helt nye indikatorar. I tillegg er det en betydelig kostnad forbundet med re-merkinga. Sjølve merket Berekraftig Reisemål er verdifullt for Setesdal, blant annet fordi mange tur og gruppe operatørar veljar sine samarbeidspartnarar på bakgrunn av merket.

Gjennom året har Visit Setesdal vært representert på ulike messer nasjonalt og internasjonalt. I samarbeid med Innovasjon Norge var vi representert på Vakantiebeurs i Utrecht, Ferie for alle i Herning og NTW i Oslo. I tillegg har Setesdalsguiden samn med representantar for partnerbedrifter vært representert på et utall messer. Dette er viktige møteplassar for oss, og her treffer vi både kjøparar og sluttbrukarar.



Foto: Visit Setesdal

# VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM EIN KOMPETANSEREGION

Hausten 2023 starta Universitetet i Agder opp distriktsvennleg vernepleiarutdanning i Setesdal. Me starta mobiliseringsarbeidet til studiet i juni 2022. Det er krav om 30 veker praksisundervisning gjennom studiet, og ho blir gjennomført lokalt i Setesdal. Utdanninga er på deltid og strekkjer seg over fire og eit halvt år. Hausten 2022 starta UiA opp distriktsvennleg barnehagelærarutdanning i Setesdal. Studiet er ei samlings- og nettbasert 4-årig bachelorutdanning. Ein arbeidar no for å få på plass tilbod om distriktsvennleg sjukepleiarutdanning frå hausten 2025.

Dei distriktsvennlege utdanningane er samlings- og nettbaserte, og Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes nyttas som lokalt studiestad. Både fylkeskommunen og Setesdal vidaregåande skule stiller opp og bidrar til gode, praktiske løysningar der dei kan, medan Setesdal IPR følgjer opp lokalt. Utfordringane i opptakskrets Setesdal for å få tilstrekkelig tal kvalifiserte søkarar til at studiar faktisk kan starte opp er ein utfordring som me kjem til å ha i overskødeleg framtid.

Agder fylkeskommune, Østre Agder IPR, Lister IPR og Setesdal IPR deltek i det tre-årige prosjektet «Kompetansepilot Agder – mobilisering til kompetanseheving i distriktene» som starta opp i 2021. Dagleg leiar deltek i prosjektstyret og prosjektgruppa.

Gjennom prosjektet kompetansepilot har det vore gjort ein stor innsats for å gjera kompetanse og kompetansemoglegheiter meir tilgjengeleg, spesielt for privat sektor. Utover i 2023 var det fokus på å finne gode løysningar på å få innspel frå næringslivet, samt struktur på oppfølging av innspel. Mot slutten av 2023 gjekk arbeidet over til å bli ein del av den ordinære drifta.

Modulbasert, distriktsvennleg utdanning i leiling frå UiA Handelshøyskolen starta opp igjen i 2023. Som følge av samarbeid mellom UiA, Lister Nyskaping og Setesdal IPR vart deltakarar frå Lister og Setesdal prioritert og studiet subsidiert.

Våren 2023 lyste Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) ut ein ny tilskotsordning til drift av studiesentre. Søknaden frå Setesdal IPR ble innvilga med kr 590 750,-. Det er ikkje avklart om tilskotsordninga vil bli vidareført i 2024.

Samlesida vi har på nettsida om kompetanse vil gjera marknadsføringa av kompetansemoglegheiter lettare, og var eit viktig satsingsområde i 2023. Her synleggjer me kompetansemoglegheiter for både bedrifter og enkeltpersonar.

Foto: Olav Haugsgjerd



# UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER

## INFRASTRUKTUR

Sjølv om Rv. 9-prosjektet «Gul stripe til Hovden» nærmar seg slutten, er det framleis trong for politisk påverknadsarbeid.

Konsesjonskraftavtalen som gjeld Rv 9 går ut i 2023. Mot slutten av 2023 vart det etablert eit lokalt forhandlingsutval som jobbar for å få reforhandla ein avtale med Agder fylkeskommune. I den samanheng er fylkesveg 42 spesielt i fokus.

Det har i seinare år ikkje våre opna for å legge inn nye vegstrekningar i det nasjonale programmet Nasjonale Turistvegar. Målet med å få delar av Rv. 9 inn i det nasjonale programmet er forankra både i Regionplan Agder 2030, lokal reiselivsnæring og i Setesdal IPR si strategi- og handlingsplan. Arbeidet er kobla opp mot Hurdalsplattforma og fortsatte i 2023.

## LADESTASJONSOPPFØLGING

Setesdal IPR starta nytt ladestasjonsprosjektet i 2022, og prosjektet enda med at nye avtalar blei inngått. Prosjektet la til rette for at ein kan inngå avtale også for Åseral kommune sine stasjonar etter at deira avtalar gjeng ut, og prosessen vart gjennomført i 2023.

## KVINNESPRANGET I SETESDAL

I november gjekk Kvinnespranget i Setesdal av stabelen for andre gong. Agder fylkeskommune og Setesdal interkommunalt politisk råd inviterte kvinner i alle aldrar til inspirasjonsseminar av – og for kvinner.

Det blei skipa til Kvinnesprang både i Østre Agder og i Lister, og saman med Agder fylkeskommune har ein etablert eit godt rigg kring felleselement, felles marknadsføring osv for dei tre Kvinnespranga. Lokalt deltok Ina Kjøstvedt, næringsssjef i Bykle kommune, og dagleg leiar i Setesdal IPR i arbeidsgruppa. Bakgrunnen for initiativet var arbeidet med regionplanane. Målet er inspirere til å få med fleire kvinnestemmer i planlegging av samfunnsutviklinga i kommunane – kort sagt til å ta plass. Det var godt oppmøte, og det vart ein fin arena for refleksjonar og dei gode samtalanene. Planen er å følgje opp med eit nytt Kvinnesprang i 2024.

## BYGDEVEKST

Kommunal- og distriktsdepartementet lyste ut ei ordning med bygdevekstavtaler også i 2023. Det overordna målet for ordninga med bygdevekstavtaler er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsetta næringsutvikling.

Åseral kommune sendte, på vegne av dei fem samarbeidskommunane, inn søknad om deltaking både i 2022 og 2023. Sjølve søknaden vart også handsama i dei ein skilde kommunestyra. Søknaden nådde ikkje opp, men ein opplevde likevel sjølve prosessen som nyttig i samarbeidet. Det er usikkert om det vil bli ein ny utlysning i 2024.

## STUDIETUR

6. juni reiste styret, administrasjonen, interimstyret i Visit Setesdal, samt Agder fylkeskommune v/Siv Løvaas på studietur til Emden med MS «Romantika». Om bord nytta vi tida til to arbeidsøkter, den eine om korleis Agder fylkeskommune skal jobbe med reiseliv, den andre om status og vegen vidare for Kompetansepilot prosjektet. Vel framme i Emden, vart det guida byvandring, besøk hjå ordførar Tim Kruithoff og staben hans i rådhuset, omvisnad i East Frisian State Museum og til slutt besøk i Rådhusårnet. Det var ein innhaldsrik og flott tur, med mange gode samtalar undervegs!

## REGIONALT POLITIRÅD

I februar 2023 vart det skipa til regionalt politiråd. Frå Agder politidistrikt møtte politimeister Kjerstin Askholt, seksjonsleiar Torgeir Winsnes, driftseiningsleiar Jan Terje Aas, politikontaktane Øyvind Haugen, Dag Hovden og Torill Retterdal Vrålstad. Frå regionen møtte styret i Setesdal IPR, administrativ leiing i kommunane og SLT koordinatorane.

Politirådet hadde i år hovudtema presentasjon av trusselvurdering, kriminalitetsutfordringar og førebyggjande arbeid blant barn og unge, dialog kring ruskultur og haldningsskapande arbeid og til sist ein open dialogrunde.

**Kvinespranget 2023**  
20. november kl. 16.30-20.30  
Kinoen på Evjemoen, Setesdal.

Ta plass! Kvifor tek kvinner i Agder mindre plass enn i resten av landet?  
Utfordring i dag, mogelegheit i morgon? Som framyting, mangel på arbeidskraft, men og manglende plassar. Korleis kan vi møte, påverka og bidra til å skape vekst i vår region?  
Du er med dette invitert til ein inspirasjonskveld og du møter kvinner som vågar å ta plass!

Det blir servert mat. Det er gratis å delta, men vi treng påmelding frå deg for å rekne ut kor mykje plass og mat vi treng.

Dette er ein konferanse for- og av kvinner.

**Program**  
Registrering, matservering

- Velkommen til konferanse ved Gro Bråthen, politiskar og initiativtakar
- «Naturen som lykkepille». Inspirasjonsforedrag med psykolog Johanne S. Refseth. Ho er kjent for #psykologmedsøvepose. Ho gir «råd» om kvifor du kan bli sjuk av kjensler, kva er bra med å bli skuffa.
- Faginnlegg av Claudia Klostergaard, Senter for likestilling. Korleis verkar utdanningsval inn på arbeidsmarkanden i forhold til lønn, arbeidstid, karriere og moglegheiter.
- Kva kvinnehelse betyr for kvinners deltaking i arbeidslivet? med Marianne Gjellestad, PhD kandidat. Likevel veit vi lite om korleis kvinners spesifikke helseforhold påverkar arbeidshelse og behov i arbeidslivet, miljø og sikkerhet på arbeidsplassene.
- Patricia Hartman, leiar for Likestillt arbeidsliv, seier noko om nettopp likestillt arbeidsliv, og korleis ein arbeider med dette i Agder.

Påmelding innan 15. november her

Setesdal interkommunalt politisk råd

AGDER Fylkeskommune

#vårtagder

Foto: Setesdal IPR





Foto: Erik Ruud



# ARRANGEMENT

Setesdal interkommunalt politisk råd si støtteordning for arrangementsutvikling starta opp i 2019, og vart vidareført årleg. Gode arrangement skapar trivsel, samarbeid og utvikling, og er positive for fastbuande, reiselivet og for lokalt næringsliv. Det kjem inn mange søknader, og den totale søknadssummen er langt over det Setesdal IPR har avsett i budsjettet til føremålet.

## Desse fekk støtte i 2023:

Norges lengste korps	20 000,00
Barnekonserter	15 000,00
Villmarksdagene Høyt og Vilt 2023	20 000,00
Viking og villreins haustmarked	15 000,00
Julemarked på Hovden	5 000,00
Viking og villrein mat & sankefestival	15 000,00
Terrassejazzfestival 2023	20 000,00
Landbrukets dag	15 000,00
Setesdal folkemusikkfestival 2023	25 000,00
Brokke AS - Haust 2024	20 000,00
Skogselskapet i Agder - Naturbruksdag Bygland 2023	10 000,00
Inger Lise Stulien - Jol på Syrtveit	15 000,00
Dølen Hotel - Barnas Julebord 2023	10 000,00
Åseral Idrettslag - Mina og meg 2023/2024	15 000,00
Åseral Idrettslag - Sesilåmibuss frå Åseral 2024	5 000,00
Roar Hjelmeset - Junior VM Mønstringsrenn, Langrenn 2024	10 000,00
Tarald Myrum - Sauesjåmarknaden i Valle, 2024	15 000,00
Marit Vegusdal - Felles korkonsert 2023	10 000,00
Anne Sofie Hornnes for Evje og Hornnes Bygdekor - Full fres i 40 år 2023	8 000,00
Bygland dramatiske selskab v/Marit Vegusdal - Halvvegs til Hovden 2023	10 000,00
Åseral Kommune v/Vibeke Sandåker - PIS Konferansen Åseral 2023	12 000,00
Julekomiteen Evje Handels og Serviceforening - Jul på Evje 2023	10 000,00

# NÆRING

Næringsarbeidet i avgrensa betydning omfattar i hovudsak handsaming av regionalt næringsfond og løyvingar finansiert gjennom budsjetttramma. Likevel er det slik at hovudsatsingane våre meir implisitt også er næringsretta, noko som særskild gjeld for satsinga på å marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon. At ordførarutvalet har valt å ha bedriftsbesøk som fast post på programmet når dei møtast ein gong kvar månad er også med og lyfter fram næringsfokus i Rådet og regionen. Setesdalskonferansen er også eksplisitt næringsretta, og fungerer som ein møteplass for både privat og offentleg sektor.

I samarbeidsavtalen som danner grunnlag for Setesdal IPR er det eksplisitt nemnd at ein skal forvalte regionalt næringsfond gjennom egne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

Setesdal interkommunalt politisk råd deltek i Næringsalliansen Agder, i lag med omlag 9 andre aktørar. Alliansen samlast med jamne mellomrom for fagleg påfyll, dialog og informasjonsutveksling.

## NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND

Agder fylkeskommunen løyvde kr 800 000,- som rammetilskot til regionalt næringsfond for Setesdal i 2023. Setesdal IPR løyvde tilsvarande beløp til regionalt næringsfond som fylkeskommunen.

Dei overordna føringane for regionalt næringsfond Setesdal er slik:

- Rådets prioriterte satsingsområde
- fleire gode gründerar eller auka nyskaping
- nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
- fleire vekstkraftige verksemder, auka omsetning, lønsemd, auka verdiskaping
- auka konkurransekraft, produktivitetsforbetringar
- fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
- kompetanseutvikling, eller auka tilgang på relevant kompetanse
- auka samarbeid mellom verksemder, eller med FoU-miljø
- omstilling av Sørlandet til lågutsleppssamfunnet
- internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- likestilling, inkludering og mangfald
- auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne

**Løyvingar ansvar 5300:**

Helle Lefser og bakevare	30 000
Nordibø Landhandel AS	16 500
Miljøsertifisering bedrifter i Bykle	100 000
Oppgradering lekeplass, 5-stjernes camping Sølvgarden	91 200
TL Produkt AS	106 000
SetesdalBox AS	133 500
Kristina Merete AS	200 000
Stylt AS	17 500
HØH Motor AS	85 496
Inger Lise Stulien	300 000
OrdenAI (nedjustert)	24 998
Fjellgarden Hovden	140 000
Knoll & Tott DA	200 000
Hylestad Solutions AS - Mo-sjakkelen	148 000

Oversikt over løyvingar frå regionalt næringsfond  
Setesdal vert publisert på Setesdal IPR sin  
nettside, under menypunktet næring.

# SETESDALSKONFERANSEN 2023

Setesdalskonferansen er meint å vere ein arena for inspirasjon og ein møteplass for leiarar i private bedrifter og i det offentlege. Ein konferansekomité med representantar frå det private næringsliv og NHO-Agder er etablert. Frå 2023 har me også fått med oss sponsorar på laget; Evje og Hornnes Sparebank, Valle Sparebank, Otra Kraft og Sparebanken Sør. Komitéen er særst takksame for å ha dei med, og vonar det vil bidrege til å løfte konferansen framover.

26. oktober braka det laus med Setesdalskonferansen 2023 på Hovdestøylen med Ole Tom Nomeland som konferansier. Årets tema var Samhald og utvikling i krevjande tider, og med eit inspirerande program og særst god påmelding vart det eit godt og samlande arrangement. Med vakre tonar frå Setesdalsambassdør Kim Rysstad, og Jon Rolf Næss som kjøgemeister (toastmaster) blei det både god stemning og gode menneskemøte.



## SETESDALSPRISEN 2023

Vinnar av Setesdalsprisen 2023 var Kjell Rune Heia. Wenche Fresvik, avdelingsleiar for virkemidlar og entrepenørskap i Agder fylkeskommune delte ut prisen og syna til denne grunngjevinga:

Setesdalsprisen gis til ein person eller ei verksemd som over tid har bidrege til verdiskaping og positive ringverknadar i Setesdal. Altså til ei verksemd, eller ein person som bidrar til vekst og utvikling, og som er viktig for regionen som eit heile.

Juryen har i år bestått av ordførarane i dei 5 kommunane i regionsamarbeidet, Wenche Fresvik frå Agder fylkeskommune, Sveinung Hovstad frå Innovasjon Noreg og lokalt næringsapparat ved næringsssjef i Åseral kommune, Øyvinn Moltumyr.

Setesdalsprisen 2023 går til en person som ikkje gir seg. Vedkommande er en tålmodig optimist, som seier bare en får testa og tenkt nok, så får en det gjerne til til slutt. Og vinnaren av Setesdalsprisen 2023 har verkeleg fått det til. Han har en genuin interesse for nye tankar og idear, og dette er mye av drivkrafta og styrken hans.

Med teknisk fagskole i botn begynte han sin karrieren i Aker Solutions. Etter kvart gikk han over til Seadrill og jobba fleire år i utlandet før han vendte heim. Og heim. Ja, det er i Bygland.

Årets prisvinnar meiner at det nettopp er mangelen på formell kunnskap som er hans fortrinn – der andre nyttar meir strukturert metodikk berre gyver han på, gjerne i ukonvensjonell og «feil» rekkefølge Når andre seier det ikkje går, så fortsetter han for å finne gode løysningar.

I februar 2012 starta han selskapet RVD og dreiv det til han i september 2014 ble dagleg leder i Skild AS som seinare fekk namnet Containertech. Containertech leverer avanserte renseløysingar for vann fra tunnel- og vegprosjekt. I tillegg til et breitt spekter av andre tekniske, gjerne containerbaserte, løysingar.

Ja, sjølv sagt - vi snakkar om Kjell Rune Heia. Årets prisvinnar er ikkje berre opptatt av teknologi og maskiner. For å låne orda til en tidlegare lærer som hadde Kjell Rune som elev:

Ynskjer du arbeid i Bygland søke  
kan du på kontoret til Kjell Rune møte,  
manglar du CV eller ber på «tunge lass»  
vil han hjelpe deg med å finne ein høveleg arbeidsplass.

Vi gratulerer og ønsker lykke til vidare!

# Stemningsrapport fra konferansen

Glimt frå Setesdalskonferansen 2023  
Foto: Trond Risdal





# EIGARSKAP

Foto: Erik Ruud



